

14/5268

15-September-2014

Lindås kommune
v/ Siriil Therese Sylta
Ref.14/5268

LINDÅS KOMMUNE	
Klæssering	
15. 09. 2014	
Art. saknr	Løsnr
Saksh.	Tilgangshode

Tofting 13.09.14

Vårt forslag til vidare framdrift i Gardsendvika gbnr.62/7.

Viser til møtet med saksbehandlar S.T.Sylta og avtale gjort om tilbakemelding i saka innan 15.09.14.

Vi har bestemt oss for å tilbakeføra endringar som er gjort i Gardsendvika, så langt råd er til den tilstand som før påbegynt oppreinsking og rydding.

Lause steinmasser som tidlegare låg i naustlunnar og vik - desse er det ynskjeleg å fjerna frå området, med unntak av nokre store steinblokker som vil bli liggjande nordaust om vika.

Jord og røtter frå gamle trær som tidlegare er felt er flytta lenger opp og planert i skråninga – desse massane er det lite ynskjeleg å tilbakeføra.

I utgangspunktet ynskte vi å leggja ned eit rør frå bekkeutløp for å unngå at bekken renn opp på sandstranda. Denne bekken er godkjend for avløpsledning frå hytte på gbnr 62/18 og i tørre periodar er den utan vannføring. Dette arbeidet vil heller ikkje verta gjort.

På gbnr. 62/7 er avløp frå septikk skjerma og gravd ned i grøft som går til sjø nord for Gardsendvika. Frå tidlegare har dette avløpet berre vore delvis skjerma. Denne forbetringa ser vi som lite hensiktsmessig å tilbakeføra.

Tett grøft i myrparti er utbetra med nye rør. Denne forbetringa ser vi som lite hensiktsmessig å tilbakeføra.

Dersom det er nødvendig med yttarlegare opplysningar om saka er eg tilgjengeleg på telefon, eventuelt at vi kan avtala eit møte på staden (Gardsendvika gbnr.62/7).

Vi håper dette kan vera ei løysing, og at saka kan avsluttast.

Med vennleg helsing

Trond Tofting
Trond Tofting